

Arnfinn Kjelland

# Busetnadssoga for Stryn

Revidert kalkyle over  
dei viktigaste arbeidsoperasjonane

<b>Forfattar</b>	Arnfinn Kjelland
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	0805-8075
<b>Sats</b>	Arnfinn Kjelland
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a>

*Arnfinn Kjelland* er førsteamanuensis ved Historisk institutt, Avdeling for samfunnsfag og historie ved Høgskulen i Volda. Han har omfattande røymsler med lokalhistorisk arbeid, og har m.a. publisert *Bygdebok for Lesja* i tre band (1987–1996) og artiklar om busetnadssoge- arbeid og lokalhistorie. Han var medforfattar for *Setrane i Lesja* (1988) og er redaktør og medforfattar for *Bygdabok for Lom* (fire band 2000–2007), redaktør for *Sulasoga – Busetnadssoga* (2004–, 3 band pr. 2007) og *Busetnadssoga for Volda* (2005–, to band pr. 2007).

E-post: [ak@hivolda.no](mailto:ak@hivolda.no)

Heimeside: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=12051>

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

**Notatserien** er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

## **Innhald:**

<b>Forord</b>	<b>4</b>
<b>1 Innleiing – samandrag</b>	<b>5</b>
<b>2 Dataprogrammet BSS – status</b>	<b>5</b>
<b>3 Problemet «den nyaste tids busetnadssoge»</b>	<b>6</b>
3.1 Innleiing .....	6
3.2 Flyttmønster.....	6
3.3 Bustadstruktur og -definisjonar .....	7
3.4 Prinsipp for disposisjon (innhaldslista) .....	8
3.5 Endringar i familiestrukturar og samlivsformer – kven er «verdige» å nemnast i bygdeboka?.....	8
3.6 Hendingar i «manns minne» i høve eldre tid .....	9
3.7 Kjeldergrunnlag – stadig innkomande oppdateringar .....	10
<b>4 Prosjektorganisering, reviderte tidsforbruks- og kostnadskalkylar</b>	<b>10</b>
4.1 Muleg prosjektorganisering – delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve / rente .....	10
4.2 Delprosjekt 2: Bustad- og befolkningsregisteret – prognosesystemet .....	12
4.3 «Total brukstid» (TB) for Stryn .....	13
4.4 Evt. skrivning av gardshistorietekst .....	14
4.5 Forventa endeleg sidetal i Busetnadssoga for Stryn etter dette prognosesystemet .....	14
4.6 Lenkearbeidet fram til trykkeklar tekst etter prognosesystemet (post 2c) .....	15
4.7 Redaktørarbeid: «samansying» av tekst, bilde og kart for trykking.....	16
4.8 Samla timetalsbehov, lønna arbeid – framdrift og avslutning.....	16
4.9 Kjøp av dataprogrammet Busetnadssoge (BSS), import av kjelder og årleg lisens.....	16
<b>5 Illustrasjonar, ferdiggjering / bokproduksjon og salsinntekter</b>	<b>16</b>
5.1 Generelt .....	16
5.2 Sidetal, bandinndeling og produksjonskostnader.....	16
5.3 Boksar og variable kostnader .....	17
5.4 Konklusjonar bygd på vedlagde kalkyle .....	17
<b>6 Særskilt relevant litteratur</b>	<b>18</b>
<b>Vedlegg: Busetnadssoga for Stryn - revidert kostnadskalkyle</b>	<b>19</b>

## **Forord**

Bakgrunnen for dette notatet er førespurnad 29.11.2006 frå avdelingsleiar for kultur i Stryn kommune, Myrtel Janne Thomassen, om revisjon av dei viktigaste kalkylane i samband med det arbeidet eg hadde hovudansvaret for i 2003–04, *Busetnadssoga for Stryn. Forprosjektrapport* (saman med Harald E. Tafjord, sjå [http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb\\_157.pdf](http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb_157.pdf)).

Eit utkast vart levert 19. februar 2007, der det stod att nokre mindre kalkylar. Etter at saka vart utsett til hausten fekk eg 14. september beskjed om at det var ønskeleg med ferdigstilt notat til eit møte 15. oktober 2007.

Notatet bygger på relativt omfattande erfaringar frå to større bygdebokprosjekt som sidan 2004 har gjeve ut 5 band innan sjangeren. Det kviler òg i betydeleg grad på meir generelle betraktningar kring slike prosjekt uttrykt i andre forprosjektrapportar eg har utarbeidd for høvesvis Herøy sogelag (2006) og Haram kommune (2006). I begge desse er det mykje bakgrunnsstoff som er relevant for det prosjektet Stryn no tek opp att behandlinga av. Dei kan lastast ned gratis frå Høgskulen i Volda sine heimesider, sjå litteraturlista.

*Volda, 25. september 2007  
Arnfinn Kjelland*

## 1 Innleiing – samandrag

Eg tar i dette notatet utgangspunkt i rapporten frå 2004 (heretter: R04), og reknar med at dei føresetnadene som var sett der inntil vidare i hovudsak skal følgjast. Det gjeld modellen (avsnitt 4 i R04) og bruk av dataprogrammet BSS. I den grad eg foreslår justeringar av føresetnadene, t.d. om utsalspris pr ferdig bok (jfr pkt 5.3) skal det gå fram av utgreiinga.

Etter at R04 vart levert, har vi betydeleg erfaringstal når det gjeld arbeidsomfang av eit viktig delprosjekt, den s.k. «slektshistoria» eller «ættesoga», i R04 kalla BB-registeret. Dei reviderte kalkylane nedafor byggjer i stor grad på desse erfaringstala, og eg meiner det gjer at kalkylane no i mykje større grad speglar reelle tilhøve. Men det er framleis betydelege usikre faktorar knytt til slike prosjekt. Særleg viktig for Stryn er to:

- a) kor mykje meir tid enn erfaringstala frå Sula tyder på vil den medarbeidaren Stryn evt. knyter til seg bruke på arbeidet med BB-registeret, og
- b) kva prosjektet kan rekne med av boksal.

Desse faktorane er det pr dato vanskeleg å kome særleg lenger med.

Med utgangspunkt i dette kalkulerer eg i dag dei totale faste kostnadene ved eit slikt prosjekt for Stryn kommune til 10,4 mill. kr (før variable kostnader knytt til boksalet på litt over 2 mill. kr). Mulege nettoinntekter frå boksalet kan kanskje bli på ca 8,1 mill. kr og behovet for tilskott knapt 2,3 mill kr dersom alle føresetnader som er sette opp her held (og kalkylane er rette).

## 2 Dataprogrammet BSS – status

Jfr R04 avsnitt 5, særleg 5.2 og resten. Programmet vart teke i fullskala bruk i mai 2004 for første band av *Sulasoga*, og det bandet kom ut til jul same året.<sup>1</sup> Parallelt vart det òg teke i bruk for *Busetnadssoga for Volda*. Pr i dag er det altså produsert 3 band i Sula-prosjektet og 2 i Volda. Eit band til i Sulasoga er ferdig, men dei to siste av det prosjektet skal gjevast ut parallelt i 2008. Band 3 av *Busetnadssoga for Volda* er under utgjeving hausten 2007. Programmet er i tillegg teke i bruk av bygdebokforfattarane for Aurskog-Høland og Herøy, og under vurdering for kommunane Haram og Vang på Hedmarken.

Programmet blir altså brukt til dei arbeidsoperasjonane fram til den delen av eit slikt verk som i R04 er kalla «BB-registeret» (bustad- og befolkningsregisteret, eldre nemning «slektssoga»), manuskript klart til konvertering og setting. Innplassering av bilde og andre illustrasjonar må gjerast manuelt. Dersom det skal skrivast gardssoge kan det gjerast i ein enkelt editor i BSS, medan meir omfattande tekst (t.d. grendekapittel) bør skrivast i betre egna program (tekstbehandling, t.d. MS Word) for samansying med BSS-teksten i sluttredigeringsfasen.

Utanom hovudfunksjonaliteten i BSS er det laga visse støttefunksjonar, som at programmet kan generere adresseliste for utsending av korrektur til husstandane. Som eit tillegg er det utvikla eit prognosesystem (i MS-excel) som kan nyttast for å halde oversyn over attståande arbeid med BB-registeret (den mest arbeidskrevjande delen av prosjektet), sjå pkt. 4.2 og 4.6.

Etter mi vurdering er det i dag ikkje noko alternativ til å bruke dette programmet i slike prosjekt. Men etter som eg som kjent har vore sterkt delaktig i utviklinga av programmet, og i tillegg i alle fall teoretisk har økonomiske interesser i at programmet blir seld, ber eg alle aktuelle / potensielle kjøparar vurdere dette på fritt grunnlag og gjerne ta kontakt med Norsk lokalhistorisk institutt i Oslo for å få deira syn på programmet. Snøhetta forlag a.s på Lesja, som distribuerer programmet, kan evt. vise til andre brukarar som referanse.

---

<sup>1</sup> Dette er truleg «Noregsrekord» i produksjon av eit bygdebokband i denne sjangeren.

### 3 Problemet «den nyaste tids busetnadssoge»

#### 3.1 Innleiing<sup>2</sup>

Utan at eg kan sjå det er uttrykkjeleg nemnt i R04, ligg det som ein føresetnad at BB-registeret for Stryn skal førast fram til «dags dato» (sjå likevel R04 pkt 6.5). Argumentet for det er sjølvstøtt at flest muleg av dei som bur i kommunen i dag skal finne att seg sjølve og si slekt i bøkene.

Erfaringane vi har gjort dei siste par åra særleg med *Bygdabok for Lom* bd 3 og 4 (under utgjeving hausten 2007), *Busetnadssoga for Volda* band 2 og *Sulasoga* band 1.1-3, alle utgjevne november/desember 2005–januar 2007, gjer at eg likevel løfter dette fram som eit problem no.

Framstilling av eldre tids befolkningshistorie (dvs. fram til først på 1900-talet) har sjeldan ført med seg store problem, fordi kjeldematerialet er avgrensa og alle som har prøvd seg på litt slektsgransking veit at «det er ikkje meir å finne» enn det som har nedfelt seg i eit relativt oversiktleg kjeldemateriale (kyrkjebøker, folketeljingar, dødsbuskifte o.l.). Den som arbeider med slikt opplever derfor det paradoksale at «vanlege lesarar» kan bli imponert over kva ein kan finne ut om folk på 17- og 1800-talet, medan dei kan bli skuffa over kor lite ein har funne og kor mangelfullt og kanskje til og med feilaktig stoffet kan vere om det same på 1900-talet.

Det kan vere fleire årsaker til dette. Eg vil peike på tre:

- flyttmønster og endringar i familiestrukturar,
- hendingar i «manns minne» i høve eldre tid og
- kjeldegrunnlag: manglande samanhengande seriar, stadig innkomande oppdateringar.

#### 3.2 Flyttmønster

I eldre tid (dvs. fram til først på 1900-talet) har ein nokså avgrensa kjelder som kan kaste lys over ein viktig del av det generelle flyttmønsteret: *dei innabygds flyttingane* (dvs. flyttingar innafør sokn/prestegjeld; flytting mellom prestegjeld og til oversjøiske område er betre dekt, særleg etter at dei landsomfattande folketeljingane og dei regionale emigrantprotokollane vart tilgjengelege for søk på Internett).

Utanom eigeidomsoverdragingar (som eigentleg ikkje fortel kven som *budde* på ein eigeidom, berre kven som overtok eigeidomsretten til han) og dei få husmannskontraktane som finst tinglyste eller i privat eige, er det stort sett gjennom bustadinformasjonen i dei kyrkjelege hendingane og folketeljingane ein kan finne kvar dei enkelte familiane budde. Gjennom desse kjeldene finn ein bustaden på dei aktuelle hendingstidspunkta, men tilfeldig annan informasjon kan tyde på at det gjekk føre seg betydeleg innabygds flytting også i eldre tid, som aldri er blitt dokumentert.

Arbeid med innsamling av informasjon som gjeld dei siste 20–50 åra har synt at det i alle fall i denne perioden har gått føre seg betydeleg kortdistanseflytting rundt om i meir tettbygde lokalsamfunn, t.d. Fossbergom (bygdesenteret i Lom), Veibust, Solavågseidet, Sunde og Mauseidvågen på Sula og Folkestad i Volda. Informasjon til bygdebokprosjekt om slik flytting får ein *berre* gjennom husstandsskjema og andre innspel frå bebuarane og informantar i lokalsamfunna. Eit bygdebokprosjekt får i prinsippet (av personvernomsyn) ikkje tilgang til den meir nøyaktige og fullstendige informasjonen som finst i folkeregisteret. Det finst døme på særskild detaljert flytteinformasjon og tilsvarende komplisert flyttmønster som er tilfeldig innkomme frå prosjekt eg har delteke i. Det er nødvendig at ein også i bygdebokprosjektet for Stryn er budd på å handtere denne typen problemstillingar.

---

<sup>2</sup> Dette avsnittet er ein bearbeidd og noko utvida versjon av tilsvarende avsnitt i HVO-arbeidsrapport nr 189: Ajourføring av Herøyboka. Forprosjektrapport til Herøy sogelag (2006).

### 3.3 Bustadstruktur og -definisjonar

Den grunnleggande eininga ein samla stoffet kring i bygdebokverk innan denne sjangeren er som det framgår av R04 avsnitt 5 *bustaden*. Opphavleg var det relativt uproblematisk: det var i dei klassiske «gards- og ættesoge»-bøkene ein gard i tydinga *eit gardsbruk*. Etter kvart som ei form for demokratisering kom inn i bøkene vart òg husmannsplassar og nyare bustadhus definerte inn og behandla.

Med aukande flyttemønster, etablering av einpersonshushald i raskt aukande tempo, sterkare tettstadsutvikling m.m. har to spørsmål blitt meir påtrengjande i denne samanhengen: a) kva skal eigentleg definerast som ein bustad (og dermed få eiga overskrift i bygdeboka), og b) korleis skal ein skaffe seg fullstendig oversyn over bustadene i undersøkingsområdet (kommunen)? Det siste er viktig for å kontrollere at ein får med alle ein vil ha med m.a. ved utsending av skjema til husstandane, i tillegg til at det er viktig i prognosesystemet (sjå pkt. 4.6).

I 2000 vedtok Stortinget å sette i gang det s.k. Bustadadresseprosjektet, og i etterkant av folke- og bustadteljinga 2001 vart det nye *bustadadresseregisteret* etablert. Det er no samkøyrt med det s.k. GAB-registreret, der G står for grunneigedomar, A for adresser og B for bygningar. Bygningsregisteret skal innehalde: bygningstype, tal etasjar, bustadareal, anna bruksareal, totalt bruksareal, oppvarming, vassforsyning, avløp og status (bygging starta, teke i bruk, reve m.m.).<sup>3</sup>

Registeret skal vedlikehaldast og oppdaterast fortløpande, og skal ha oversyn over alle bustader i kommunen. Prosjektet definerer «bustad» slik:

«Ein bustad er eitt eller fleire rom som er bygd eller ombygd til heilårs privatbustad for ein eller fleire personar. Det må vere tilkomst til rommet / romma utan at ein må gå gjennom ein annan bustad. Ein bustad er da til dømes ein einebustad, rekkjehusleilegheit, leilegheit i tomannsbustad, leilegheit i leigegard, blokkleilegheit eller hybelleilegheit.

Ein *hybel* i privathus blir rekna som ein bustad dersom han har eigen inngang. I hybelhus blir kvar hybel rekna som ein eigen bustad, sjølv om kjøkken og bad er felles. Leilegheiter og hyblar som blir disponerte av privathushald i sjukehus, institusjonar, militærforlegningar og liknande, blir alltid rekna som eigne bustader.»<sup>4</sup>

Men dette gjeld berre eksisterande bustader; i tillegg er slike prosjekt heilt avhengig av lokale informantar når det gjeld informasjon om *eldre* bustader, slike som kanskje ikkje finst lenger (husmannsplassar / plassebruk eller bustadhus som er rivne), som er omgjort til feriebustad (og dermed ikkje med i registeret) og / eller kanskje seld ut av den slekta som opphavleg var busett der, og ingen veit lenger noko om dei som budde der før.

Det er i det heile ikkje uproblematisk å definere kva som er ein bustad som skal vere med i Busetnadssoga for Stryn (som i alle tilsvarende), korkje for moderne tid eller litt eldre tid (attende til først på 1900-talet). Hyblar blir vanlegvis definert ut i, men mange nyare bustadhus er bygde med utleigedel (t.d. sokkelleilegheit) som ofte blir leigd ut ein periode før huseigaren sjølv tek bustaddelen i bruk. Når det er busett ein enkeltperson eller ein familie i slike husvære, skal prosjektet be om skjemainformasjon frå han / ho / dei?

På gardsbruk er det ofte fleire bustadhus. Det gjeld både i eldre og nyare tid (kår-/føderådshus). I periodar da det ikkje var kårfolk på garden kunne/kan slike leigast ut. Det må takast standpunkt til om Stryn skal behandle slike som sjølvstendige bustader.

I nyare bustadområde er det nye slag hus: to- eller fleirmannsbustader, rekkjehus og kanskje til og med bustadblokker. Alle desse må reknast som bustader på line med gardar i eldre bøker. (BSS-programmet handterer alle slike strukturar.)

<sup>3</sup> Frå [www.statkart.no](http://www.statkart.no)

<sup>4</sup> Folke- og bustadteljinga 2001 for Stryn s. 10. Fulltekst: [http://www.ssb.no/fob/kommunehefte/1449/fob\\_1449\\_tekst.pdf](http://www.ssb.no/fob/kommunehefte/1449/fob_1449_tekst.pdf)

I eldre tid kjenner ein som nemnt mindre til detaljane i bustadstrukturen, særleg for dei som stod lågast på rangstigen i lokalsamfunna. Dei meir stabile plassane finn ein som oftast i det skriftlege kjeldematerialet, men det har nok òg vore mange små stover kringom i grendene som ikkje er registrert i materialet, eller ein berre finn informasjon om i form av stadnamn og attgrodde husmurar. Det er truleg ei viktig kulturminnevernoppgåve også for Stryn å prøve å få med informasjon om slike i den nye Busetnadssoga.

Det er under alle omstende nødvendig at utgjevar drøftar desse problemstillingane nøye og definerer kva ein skal ta med i det nye verket.

### **3.4 Prinsipp for disposisjon (innhaldslista)**

Disposisjonen, dvs. korleis teksten om bustadene er plasserte i bygdebokverk, har variert. I noko eldre bøker, som t.d. dei gamle Aalandsbøkene, følgde forfattaren gjerne matrikkelen, gards-, bruks- og evt. festenumra. I desse fekk enten berre dei eigedomane der det var etablert fast busetnad, eller alle bruksnummer, eigen omtale (slik det er gjort i Aalandsbøkene). Bustader (plassar) som aldri vart matrikulerte, vart enten plasserte før eller etter dei matrikulerte.

Etter kvart har det skjedd både ei omfattande utparsellering av tomter/grunneigedomar til ei rekkje føremål, ikkje minst offentlege, og mange eldre nummer (særleg jordbrukseigedomar) er slegne saman. Eit særleg problem som har synt seg på Sula, med mange store nye bustadfelt, er at dei gamle gardstuna blir frådelt jordvegen med nye bruksnummer, medan det opphavlege bruksnummeret no ligg til eit ubebygd jordstykke, ein skogteig o.l. Dette kan vere vanskeleg å få oversyn over utan detaljert lokalkunnskap.

Ein må derfor seie at matrikelnummersystemet har utspelt rolla si som ordningsprinsipp i moderne bygdebøker.

Det prinsippet vi rår til er at ein følgjer terrenget, topografien, så langt det let seg gjere. Ein definerer da eit eintydig avgrensa område som «namnegarden». I dette vil det typisk vere nokre eldre og kanskje nyare gardsbruk, nokre nyare bustadhus og gjerne nokre plassebruk som er komne bort. Desse bustadene skriv ein rimeleg systematisk om frå ein ende av gardsområdet til ein annan, utan omsyn til bruksnumra. Saman med kart som syner plasseringa av bustadene bør det da vere rimeleg lett å finne fram til den enkelte bustaden. Ein kan òg gruppere bustadene etter ein form for typeinndeling, t.d. gardsbruk først, deretter bustadhus og til siste nedlagde/bortkomne heimar o.l.

I meir tettbygde strøk der vegadresser kan vere den mest naturlege forma for tilvisingsystem, kan lange vegar med eigne namn utgjere eit problem. I Sula-soga er dette løyst ved at forfattaren har delt vegen i samsvar med dei gamle gardsgrensene. Under kvar av gardane Kvasnes, Kongshaugen og Veibust finn ein *Bustader langs Kvasnesvegen* ( i alt 24).<sup>5</sup>

### **3.5 Endringar i familiestrukturar og samlivsformer – kven er «verdige» å nemnst i bygdeboka?**

Fenomenet «mine, dine og våre» barn fanst også i familiane i eldre tid pga. hyppigare dødsfall og fordi i alle fall hushald med mindreårige barn kravde to hovudpersonar av kvart sitt kjønn for å fungere langt inn på 1900-talet. Det er likevel grunn til å tru at omfanget av slike samlivsformer aukar på same måte som talet på ekteskaps- og andre samlivbrot og -nyetableringar i nyare tid. Eit moderne bygdebokprosjekt må handtere slike endra familiestrukturar. BSS-programmet har funksjonar som tek omsyn til dette.

Nokre døme på korttidsflyttingar og endringar i familiestrukturar:

- einsleg ungdom flytter på hybel for å gå skule

---

<sup>5</sup> *Sula-soga* bd 1 2004 s. 41–45, 52–54 og 69–71.



- einsleg ungdom flytter på hybel for korttidsarbeid (t.d. sommarjobb)
- to ungdomar flyttar saman i leilegheit, går skule eller arbeider, flytter frå kvarandre etter ei tid utan å få barn
- to ungdomar flyttar saman i leilegheit, går skule eller arbeider, giftar seg seinare og etablerer husstand ein annan stad
- to ungdomar flyttar saman i leilegheit, går skule eller arbeider, får barn saman, flytter frå kvarandre og etablerer seg på kvar sin kant
- fenomenet *særbu*: to personar som reknar seg som par, kanskje til og med får barn, men som ikkje bur same stad
- innflyttarar, einslege eller par med/utan barn, flytter til bygda for ein periode og reiser att
- osv.<sup>6</sup>

Slike døme vil ein utan tvil finne også i Stryn, særleg i dei tettbygde områda kring sentrum. Det vil da vere nødvendig i alle fall å tenkje igjennom og definere kor detaljert informasjon ein vil ha om slike forhold. Ein kan sjølvstund oversjå dei meir komplekse tilfella, men dei bør handterast etter visse prinsipp.

Kva skal t.d. «kravet» vere for at innflyttarar utan slektstilknytning til Stryn skal bli registrerte i den nye bygdeboka, og kor mykje arbeid skal ein sette inn på å få tak i informasjon om dei?

Som eit minimum bør ein nok ha som føresetnad at forhold som resulterer i barn blir tekne med. Desse kan knytast til bustaden til minst ein av foreldra på fødselstidspunktet.

Det kan òg vere ei utfordring kvar barna skal listast tekstmessige i slike samanhengar.

Det største problemet er truleg å få oversyn over arbeidsmengd dersom ein vil forsøke å få oversyn over alle slike konstellasjonar. Ein bygdebokforfattar vil vanlegvis prøve å få informasjonen så korrekt som råd, om ikkje anna av omsyn til sitt eige «ettermæle», og da er kanskje ikkje tidsrammer det vedkomande er mest oppteken av. Dette blir i tilfelle ei oppgåve for prosjektleiinga å styre dette.

### 3.6 Hendingar i «manns minne» i høve eldre tid

Ein grunn til at desse utfordringane er meir omfattande dess lenger opp mot vår tid ein kjem, er sjølvstund at nolevande *hugsar* kva som har hendt, kven som har budd forskjellige plassar o.l. i motsetning til i eldre tid da ein berre har – til dels tilfeldige – skriftlege kjelder.

Ei erfaring vi har hatt særleg i Volda, er at det *vil* vere manglar i informasjonen om personar og bustadhus nesten utan omsyn til kor stor arbeidsinnsats ein legg inn. Det kan særleg gjelde bildestoff; om dei som har lånt ut bilde har vore usikre på personnamn og datering, er det gjerne andre ein eller annan stad i området som veit dette heilt nøyaktig. I prosessen er det umuleg å vite kven det er, men når eit band er kome ut, kan folk reagere negativt likevel. Men òg personalstoffet er i kontinuerleg endring; det er i praksis forelda allereie i løpet av perioden frå ferdig korrektur blir sendt trykkeriet til boka ligg føre (i dag er det 3 veker).

Erfaringane er derfor at det bør leggest til rette for at den som skal ha ansvaret for prosjektet har høve til ikkje ubetydeleg kontroll- og etterarbeid med den informasjonen som kjem inn. Det bør nok leggest opp til at ein forsøker å få inn informasjon frå dei aller fleste husstandane, også frå tidlegare bebuarar i husstandane, dersom det har vore eigarskifte og flytting. Dette er arbeid som er eigna for lokal dugnad, dersom det er vilje til det. Men den informasjonen som da kjem inn, må arkiverast slik at det er enklast muleg å skaffe oversyn over kva ein eigentleg veit om ein bustad dersom ein eller annan ringjer, utan alt for mykje leiting. Slik arkivering bør i dag skje

<sup>6</sup> Eit ekstremt tilfelle var nemnt i Dagsnytt om morgonen 21.12.2005: mora gav omsorga for eit barn på 7 månader til eks-sambuaren etter eit samlivsbrot. Han hadde ansvar for barnet i 3 år, da ein annan mann kom og kravde farskapen. Etter DNA-test vart det slege fast at ingen av dei to var biologisk far, og at barnet derfor måtte overlatast fosterheim. Skal desse relasjonane/flyttingane registrerast i ei bygdebok, krev det både varsemnd og sjølvstund samtykke frå dei det gjeld.

elektronisk, ved at innkomne dokument blir skanna og arkiverte på ein slik måte at dei kan lenkast mot fleire bustader / personar (fordi innkomande meldingar kan innehalde informasjon om fleire bustader og / eller personar). BSS *kan* nyttast til slik arkivering, men om programmet er veileigna må vurderast nærare. Snøhetta forlag a.s kan i alle fall yte bistand til oppbygging av eit slikt digitalt arkiv med sikte på import og bruk i BSS i samanskrivingsfasen.

### **3.7 Kjeldegrunnlag – stadig innkomande oppdateringar**

Ei erfaring vi har gjort med dei seinare prosjekta, er at interessa stig dess nærare ein kjem utgjevinga av eit slikt bokverk. Dermed «vaknar» folk, tek kontakt med naboar eller prosjektmedarbeidarar og ser til at utfyllande informasjon kjem inn til prosjektet.

I prinsippet er dette positivt, men det fører til ikkje ubetydeleg meirarbeid for den som har ansvaret for å sette saman stoffet. Ein kan nemleg slett ikkje alltid stole på slike innkomande opplysningar – dei kan kome i konflikt med annan informasjon ein har fått inn frå andre kjelder, og føre til at den fagleg ansvarlege må gjere ekstra undersøkingar og dermed sinke framdrifta.

Ei «lettvin» løysing er sjølvstøtt å sette ein strek ved eit bestemt årstal, t.d. 1980, men det treng ikkje hjelpe viss den informasjonen som kjem inn etter fristen er av ein slik karakter at den «må» takast omsyn til (dvs. er frå før det årstalet).

Mi erfaring er at det kjem stadig meir slik informasjon m.a. fordi Internett/e-post er blitt meir og meir vanleg blant folk. Det bør ein sjå på som ein fordel, for reint generelt hevar det kvaliteten på bøker dersom medarbeidarane er i stand til å gjere seg nytte av teknologien og ta omsyn til ny informasjon til «siste dag» før publisering.

## **4 Prosjektorganisering, reviderte tidsforbruks- og kostnadskalkylar**

### **4.1 Muleg prosjektorganisering – delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve / rente**

Når det gjeld den økonomiske delen av slike prosjekt (jfr R04 pkt 9.1.), er det no kome ein ny variant: Haram kommune har vedteke å etablere eit kommunalt aksjeselskap til å gjennomføre eit liknande prosjekt, med ein betydeleg aksjekapital som utgangspunkt. Den løysinga vil t.d. redusere rentekostnadene i stor grad.

Prosjektleiingsfunksjonen har elles synt seg å vere mindre oversiktleg enn eg trudde da R04 vart skrive (jfr pkt 9.1). Eg er no i tvil om det er spesielt fornuftig å knyte til seg ein ekstern prosjektleiar. Å kombinere ansvaret som (lokalt busett) prosjektleiar med ein av dei to tunge skriveoppgåvene, enten den meir historiefaglege analytiske med grendesogene, eller den meir historiefagleg systematiske med BB-registeret, kan vere ei like god løysing viss ein finn den rette personen. Det er så langt eg ser i dag i alle fall ikkje ledig kompetanse ved Høgskulen i Volda til å ta på seg slikt prosjektleiaransvar. Fagleg rådgjeving i eit visst omfang kan høgskulen likevel tilby.

Det er elles særst viktig med løpande koordinering mellom prosjektleiar og ansvarleg representant for utgjevar (kommunen). Det er trass alt enklare i dag, når e-post og sending av tekst- og bildefiler er noko dei aller fleste etter kvart kan eller kan lære seg.


Når det så gjeld personale knytt til prosjektet, trur eg framleis det er fornuftig å dele dei to faglege hovudoppgåvene, BB-registeret og grendesogene, mellom to fagpersonar som arbeider meir eller mindre parallelt. I R04 var det skilt nokså betydeleg mellom kompetanse- og dermed lønsnivået mellom desse to (jfr. pkt. 9.3). Det er eg meir usikker på om vil vere muleg å få til, og det vil òg vere vanskeleg på førehand å definere kven som eventuelt skal ha lokalt prosjektleiaransvar. Vedkomande bør om muleg vere busett i Stryn. Ein lokal prosjektleiar eliminerer òg

behovet for «fast engasjert kontaktperson» som det var lagt opp til i R04. Men dette er detaljar som det er umuleg å planlegge i framkant av eit slikt prosjekt.

Eg vil likevel generelt peike på at det kan vere uheldig å laste for mange leiings- og koordineringsoppgåver på den som skal ha det faglege hovudansvaret for kjeldebehandling, samanstilling av familiar og evt. skrivning av noko gardshistorietekst; det er sær arbeidskrevjande oppgåver som føreset at den som utfører dei får arbeidsro til å konsentrere seg, og ikkje blir avbroten for mykje.

Prosjektleiing var i R04 sett til 525 timar, med ekstern prosjektleiar utan skriveoppgåver. Det var ut frå erfaringane frå mitt arbeid som prosjektleiar for Busetnadssoga for Volda og Sulasoga så langt. Det prosjektet som er nærast å samanlikne med er nok Volda, og på dette prosjektet har eg frå og med oppstartsåret 2000 til og med 2006 nytta 1068,5 timar. Da har det ikkje vore meir enn 1–2 møte i styringsgruppa pr år, men sær mykje kontakt med informantar, medarbeidarar, informasjonsmøte på bygdene osv. I tillegg har det vore eit eige fotoinnsamlings- og bevaringsprosjekt for eit fotografarkiv med ca 30.000 bilde og den delen av bygda som vart dekt av band 1 (Dalsfjorden), med 301 timar i åra 2001–04. Eg har òg hatt funksjonen som bilderedaktør, og den har teke ein god del tid. Det er oppgåver som kanskje kan settast bort i Stryn, der det så vidt eg forstår gjort mykje arbeid med gamle bilde (R04 pkt 7.3).

Arbeidet med prosjektleiing går i bølger. Det vil vere ein god del arbeid i startfasen, og så mindre fram til arbeidet med utgjevinga av første bandet startar, så noko mindre til neste band (pga. at band 1 vanlegvis legg malen for heile verket) osv. Figur 1 syner mitt timetalsforbruk på prosjektleiing av Volda-prosjektet. 2000 var oppstartsåret, band 1 kom i 2005 og band 2 i 2006.



Ut frå desse erfaringane har eg i den reviderte kalkyla (vedlegg) sett opp 1500 timar samla over heile prosjektperioden for prosjektleiingsfunksjonen, lagt til enten den ansvarlege for BB-registeret eller grendesoge-skrivaren.

I R04 var det ikkje lagt inn reservepost i budsjettet. All erfaring tilseier at det er umuleg å førehandsplanlegge alt som må og / eller bør utførast i slike prosjekt. Dessutan kan det oppstå sjukdom eller andre «force majeure»-tilfelle, t.d. at ein sentral medarbeidar får eit jobbtillbod ho eller han ikkje kan seie nei til, og nye må lærast opp (slik det t.d. skjedde med grendesoge-skrivaren i Volda).

Eg har i kalkylen lagt inn ein slik post, rekna til 10 % på alle kostnader utanom dei variable som er knytte til sjølve boksalet (jfr R04 pkt 9.10).

Det var heller ikkje lagt inn rentekostnader i R04. Utan omsyn til kva for måte Stryn vel å organisere prosjektet på, vil det kome nokså store kostnader *før* det kjem inntekter av boksal. Det bør derfor i alle fall reknast renter på dei kostnadene som kjem fram til boksalet startar. Det beste er om økonomien i prosjektet kan styrast slik at ein tek omsyn til renteeffekt både av inntekter og utgifter gjennom heile prosjektperioden. Ordinære kommunale løyvingar til prosjektet vil elles redusere rentekostnaden.

I samråd med kulturkontoret har eg førebels lagt inn rentekostnader på 3 % av heile utgiftsbeløpet minus reserveposten og posten for variable kostnader ved boksalet (post 1d).

#### **4.2 Delprosjekt 2: Bustad- og befolkningsregisteret – prognosesystemet**

Her er det kanskje største endringane i høve R04 ligg. Vi har no eit heilt anna erfaringsgrunnlag ut frå særleg arbeidet med Sula-soga. Her er Ole Martin Sørungård, Lesja, ansvarleg for BB-registeret. Det er òg han som har utvikla og programmert BSS – dvs. Sula fungerer som eit fullskala pilotprosjekt for programutviklinga. I tillegg registrerer Sørungård nøyaktig tidsforbruk han gjer på det faglege arbeidet med å sette saman familiar og plassere dei ut på bustader, og han har utvikla eit prognosesystem som i alle fall hittil har synt nokså nøyaktig korleis framdrifta har gått. Prognosesystemet følgjer BSS-programmet for framtidige brukarar.

Når det gjeld kjeldearbeidet, har eg ikkje noko å tilføye til det som står i R04 pkt 9.6. Det er så det som der har delprosjektnummer 2c som no er revidert ut frå erfaringane frå Sula- og Volda-prosjekta. Men metodisk har vi sett at det kan vere ein veg å gå for framtidige store prosjekt (som Stryn) at arbeidet med BB-registeret kanskje kan delast, og da kring 1900. Lenkings- og koplingsarbeidet fram til dette tidspunktet er berre i avgrensa grad knytt til problema nemnt i pkt. 3 framafør – det kan for Stryn sitt vedkomande truleg startast opp nokså omgåande, da dei aller fleste sentrale kjelder alt er dataregistrerte. Jfr og fordelinga av arbeidet mellom desse periodane slik det går fram av pkt. 4.3.

Arbeidsoppgåvene med å sette saman person- og bustadinformasjonen er det gjort greie for i R04 pkt 5 med underpunkt, så det tek eg ikkje opp att her.

Både sidetalsomfang og tidsforbruket på ferdiggjeringsarbeidet er sentrale for framdrift og økonomi i prosjektet. Som ein del av dette oppdraget har eg derfor bede Snøhetta forlag a.s. ved Ole Martin Sørungård om å vurdere desse punkta for Stryn bygd på erfaringane frå Sula-prosjektet og bruk av BSS inkl. prognosesystemet.

Prognosesystemet tek utgangspunkt i talet på bustader (gardsbruk, husmannsplassar og nyare bustadhus) som finst i undersøkingsområdet til forskjellige tidspunkt, og føreset ei lineær bustadutvikling i høve tid. Det tyder at dersom det var 100 bustader i området 1900 og 200 i 2000, så ville talet vera 150 i 1950. Systemet opererer vidare med det Sørungård kallar «total brukstid» (nedafor forkorta TB), som er eit overslag over den samla summen av alle tidsperiodar det har budd folk på dei enkelte bustadene i området. Dersom vi har eit gardsbruk som har eksistert frå fyrst på 1600-talet til i dag blir TB for dette bruket ca 400 år. Det tilsvarar samla TB for 8 bustadhus som var busette i åra 1957 til 2007 (med 50 år TB kvar).

For sidetalsutrekninga er hypotesen at *tekstmengda i manuskript er proporsjonal med TB*. Dette er nok ikkje 100 % rett, t.d. fordi ein vanlegvis har mindre informasjon om familiane på 16- og tidleg 1700-tal, men utslaget blir ikkje spesielt stort. Med utgangspunkt i det arbeidet som er gjort for Sula-soga ser det ut til at TB på ca 122 år, altså ein bustad med start brukartid ca 1885 og som har vore busett fram til i dag, i gjennomsnitt utgjer 1 side ferdig tekst slik familiane der er sette opp der.

Overslaga over sidetal og tidsforbruk bygger altså på erfaringane frå Sula-soga (tre utjevne band) så langt i det prosjektet. Men vi må ta forbehold for at Sula-prosjektet framleis er under arbeid; det vil først vere når det er fullført at ein vil ha 100 % fullgode erfaringstal. Vi har førebels ikkje fullt oversyn over effekten av at programutviklaren under arbeidet med dei tre

første banda har sett saman nokså mange familiar som er plasserte ut i eitt av dei to siste banda. Dette har truleg mindre å seie for sidetalsprognosen, men det er først når siste band for Sula er ferdig at vi har rimeleg fullt oversyn over det viktigaste elementet: *samla tidsforbruk på lenke- og utplasseringsarbeidet*.

Med det meiner eg altså arbeidet med å hente fram personinformasjon frå kjeldene, sette saman familiare og plassere dei på rett bustad ved hjelp av dataprogrammet BSS. Det er dessverre mykje vanskelegare å vurdere, særleg pga at Sørungård som nemnt ikkje er ferdig med Sula-sogeprojektet. Han meiner at timetalet er rimeleg konstant i høve til sidetalet, prosjektet sett under eitt. Det bør altså vera muleg å finne eit slikte endeleg timetal pr. side, men ikkje før prosjektet er ferdig.

Sørungård har likevel gjort eit forsøk. Slik han arbeider med Sula medfører kvar side ferdig manustekst at også ein del *delvis ferdig tekst* blir skriva, pga. at informasjonen om personar som er fødte ein stad og flyttar, må klargjerast og delvis skrivast ut også på den andre staden. Denne teksten kjem til nytte seinare i prosjektet. Forfattaren har altså eigentleg «skriva» meir enn ei side når han er ferdig med det som vil bli ei tekstsida, og det ser ut til at dette blir skeivast i starten av eit prosjekt. Etter ferdiggjering av tre band for Sula ligg der føre 187 sider slik delvis ferdig tekst til dei to attståande banda.

For Sula ser ein så denne skeivfordelinga ved at arbeidet med band 1 i gjennomsnitt utgjorde 3,3 timar pr. side, 2,9 timar med band 2 og 2,5 timar med band 3. Da Sørungård altså òg skriva til saman ca 40 % av sidene for dei to attståande banda, sider prosjektet altså «har til gode». Time-talet pr. side for dei to siste banda vil dermed bli lågare enn for dei førre. Sørungård meiner derfor ut frå det han no ser at han til slutt vil stå att med om lag 2,5 timar arbeidstid pr. manussida slik Sula-soga er oppsett.

#### **4.3 «Total brukstid» (TB) for Stryn**

Det er ei litt kompliserte utvikling som ligg bak Stryn slik kommunen er i dag, og utrekning av nøkkeltalet TB blir tilsvarande komplisert. Sørungård har teke utgangspunkt i matrikkelen frå 1886 for å finne namnegardane. Stryn av i dag (kommunenr 1449) er altså lik kommunenr 1448 (Oppstryn, Nedstryn og Loen) gardsnr 1–80 og kommunenr 1447 (Olden, Innvik og Utvik) gardsnr 1–96. Gardane Vollset og Nordbrekke var tidlegare overførte til Sunnylvn og Maurset til Hornindal. Desse justeringane er innkomne i matrikkelen 1886. I tillegg var Hopland overført frå Gloppen til Utvik (10 bruksnr), ei endring som òg er også innkomne i matrikkelen.

Etter 1886 finn vi følgjande endringar: Innvik og Stryn vart slått saman i 1965. Ein del av Hornindal vart lagt til i 1965 og trekt frå att i 1977 (kan neglisjerast i denne samanhengen). Ein liten justering skjedde i tillegg i 1965: resten av Hopland-garden i Gloppen vart overført til Stryn.

Talet på bustader i kjelder før folketeljinga (f.t.) frå 1900 er funne ved hjelp av manuell oppteljing / vurdering ut frå namnegardslista. Men både dei eldre og dei nyare tala er usikre. Det er derfor i kalkylen operert med eit nedre og eit øvre overslag over tal bustader.

For nyare kjelder (etter 1900-teljinga) kan ikkje namnegardslista nyttast. Det er problematisk at teljingane 1950 og 1960 er frå før samanslåinga, medan Hornindal er medrekna i 1970. Det er fyrst f.t. 1980 som kan samanliknast med i dag. Iflg. epost var talet på husstandar i Stryn 2006 = 2270 (tal henta frå Posten). Det stemmer dårleg overeins med talet på bustader frå f.t. 2001: 2595. Sannsynlegvis opererer ein her med definisjonar som ikkje kan samanliknast. At det skal ha vore ein så stor nedgang dei siste 5 åra kan ikkje vera rett, særleg sett i lys av at tal bustader har auka for kvar teljing sidan 1950. Vi nyttar dei to tala 2270 og 2595 som høvesvis nedre og øvre overslag.

På dette grunnlaget har Sørungård funne desse bustadtala for Stryn:

Tal bustader		
År	Nedre	Øvre
2006	2270	2595
1950	1327	1339
1900	882	887
1865	832	832
1801	569	577
1701	538	538
1664	556	556
1645	515	515
1600	300	400

Når Sjørungård så kalkulerer TB for Stryn, total brukstid (tal bruk multiplisert med bruksperiode), får han ein middelværdi på 341296. Avviket til nedre og øvre grense er +/- 6427, eller berre omlag 2 %. Variasjonen i talet på bustader har med andre ord ikkje mykje å bety.

Ut frå talet på TB og Sula-soga vurderer Sjørungård dermed BB-registeret for Busetnadssoga for Stryn til å bli rundt rekna **2800** boksider, og tidsmengda tilsvarende til **7000** arbeidstimar dersom han skulle gjera arbeidet. Gards- og grendehistorieskriving osv. ligg da sjølvstakt ikkje inne i vurderingane, korkje med tids- eller sidetalsvurderingar.

Her kan det elles nemnast at ca 53 % av TB for Stryn gjeld perioden fram t.o.m. 1900, altså om lag 3700 timar arbeid. Tilsvarende vil omlag 3300 timar gå med til arbeidet med dei siste 100 åra. Det kjem seg sjølvstakt av den kraftige auken i talet på bustader. Her ser ein at i høve til Sula, som har omtrent same talet på bustader i dag som Stryn, er det eit betydeleg avvik. På Sula gjeld perioden fram t.o.m. 1900 berre 26 % av total brukstid, altså utgjer dei siste 100 åra 74 % av alt arbeidet. Det seier noko om skilnaden i busetnadsutviklinga mellom desse to kommunane.

Eit moment til bør nemnast: det lokale stoffinnsamlingsarbeidet i Sula (liten respons på skjema til husstandane) har gått noko tungt, og det har ikkje vore sett inn alt for store ressursar på å oppdatere personinformasjonen frå dei siste tiåra på annan måte. I Volda har innsatsen på dette feltet (til dels gjennom lokal dugnad ved grendekontaktar) vore større, og resultatet truleg betre.

#### 4.4 Evt. skriving av gardshistorietekst

Kalkylane bygd på TB gjeld familieoppsetta, og berre eit minimum av tekst til kvar bustad, i samsvar med føresetnadene i R04 pkt 4.2. Meir omfattande skriving av sakprosa om kvar gard / bustad vil sjølvstakt òg krevje meir tid.

Oppsettet i Sulasoga er særst snau, og eg vil nok tilrå at det blir lagt inn *litt* meir tekst om kvart gardsbruk. Eg har derfor lagt til 5 % på sidetalskalkylen for slik tekst. I arbeidstida for BB-registeret har eg ikkje lagt til tid særskilt for dette; det ligg inne i det tillegget som er lagt til for «urøynd medarbeidar og gardshistorietekst».

#### 4.5 Forventa endeleg sidetal i Busetnadssoga for Stryn etter dette prognosesystemet

Sidetalskalkylen for det reine befolkningsregisteret (om lag slik Sulasoga er sett opp) viser altså at dei delane av bygdebokverket vil krevje ca 2800 boksider. Det må reknast til å vere nokså nøyaktig, ut frå utforminga av Sulasoga (annan layout kan skiple denne kalkylen noko). I tillegg kjem sider til eit innleiingskapittel i første bandet, grendekapittel, gardshistorietekst, bilde, kart, tittel- og innhaldslistar og register. Å gje eit overslag over sidetalet for desse andre elementa er vanskeleg.

Så er det altså lagt til 5 % for litt meir gardshistorietekst. Dermed er ein oppe i eit samla sidetal på 2940 sider. Tekstomfanget for grendekapitla er det vanskelegare å kalkulere, både fordi eg ikkje har oversikt over talet på grender eller kor mykje utgjevar meiner det bør skrivast om kvar

grend. Men med ca 25 sider tekst i gjennomsnitt om kvar grend og til saman 20 grender kan sidetalet kome opp i 500. I tillegg til dette kan ein rekne med 10–15 sider pr band til tittelsider, forord og innhaldslistar. Dermed kan de samla talet reine tekstboksider settast til knapt 3500.

Enklast er kanskje illustrasjonsgraden; der er det drygt 25 % i Sulasoga og om lag 30 % i Busetnadssoga for Volda band 1. Viss vi reknar 30 % blir dermed det totale sidetalet i bygdebokverket for Stryn knapt 4500 sider.

Slike bøker bør ikkje vere tjukkare enn 5–600 sider, og det betyr at Busetnadssoga for Stryn i alle fall må rekne med 8–10 band for å få inn dette sidetalet. Nedafor er det rekna med 9 band a ca 500 sider kvar. I tillegg kjem registerband, jfr R04 pkt 4.4.

#### 4.6 Lenkearbeidet fram til trykkeklar tekst etter prognosesystemet (post 2c)

Dette ser etter det prognosesystemet Sørungård har utvikla ut til å vere den absolutt mest arbeidskrevjande delen av prosjektet. Det er òg den som det kanskje er vanskelegast å kalkulere: dei erfaringstala vi har (frå Sula-prosjektet) er bygd på at Sørungård sjølv har gjort desse oppgåvene, og det er umuleg på førehand å vite kor raskt ein annan person vil gjere same arbeidet.

Prognosesystemet vil følgje med som eit gratis tilleggsprodukt til dataprogrammet BSS, og det vil da vere slik at brukaren sjølv kan ta tida ho eller han nyttar for kvar av det BSS kallar «namnegard».<sup>7</sup> Når brukaren så har lagt inn arbeidstida som har gått med til nokre slike gardar vil systemet etter kvart gje ei relativt nøyaktig prognose på den totale arbeidstida som same brukaren vil trenge for å fullføre prosjektet. Men *før* vedkomande startar er det sjølv sagt nokså vanskeleg å stipulere tida ho eller han vil bruke på arbeidet.

Eit par moment til vurdering:

- Sula hadde ikkje eldre bygdebok med tilsvarende kvalitet som Aalandsbøkene, berre *Borgund og Giske* bd III (utg. 1964) med brukarlistar for gardsbruka fram til ca 1960, ingen ting om barna til brukarane eller folk på bustadhus. Det prosjektet var avhengig av husstandsskjema for tilnærma all informasjon attende til kyrkjebøkene kring 1930. Det er umuleg på førehand å vite noko om kva effekt registreringa av Aalandsbøkene kan få å seie for den samla arbeidsmengda i Strynprosjektet i høve Sula. Sørungård meiner heile tidskalkyla førebels er såpass usikker at det ikkje kan forsvarast å ta omsyn til eit slikt forhold.
- Sørungård har gjort eit slikt lenkearbeid før han utvikla BSS-programmet (ættesogedelen i *Bygdabok for Lom* i 4 band), han har altså utforma hovudinnhaldet i tre band av Sula-soga og kjenner derfor metoden (det historiefaglege «handverket») ut og inn. Han er òg geografisk plassert utanfor undersøkingsområdet og blir ikkje «hefta» i nemnande grad av velmeinande førespurnader får fjern og nær om slektsforhold o.l. – slik ein må rekne med ein prosjektmedarbeidar som er plassert i lokalsamfunnet blir (med påfølgjande auka tidsforbruk). Det er òg umuleg å vite kva dette forholdet kan få å seie for arbeidsmengda.

Men det er eit forhold som utan tvil er sikkert: dess meir fullstendig og god informasjon den fagleg ansvarlege prosjektmedarbeidaren får inn gjennom husstandsskjema og anna lokalt stoffinnsamlingsarbeid, dess mindre tid vil ho eller han bruke på dette lenkearbeidet.

Kor lang tid ein annan prosjektmedarbeidar vil bruke er det i prinsippet umuleg å rekne ut på førehand. I vedlagte reviderte kalkyle er det gjort eit tillegg på 25 %.

---

<sup>7</sup> Bygdebøker i denne regionen har som oftast vore disponert etter *matrikelgardane* i undersøkingsområdet. Sjå R04 vedlegg 2 for døme frå Stryn.

#### **4.7 Redaktørarbeid: «samansying» av tekst, bilde og kart for trykking**

Eigne erfaringar etter at eg dei siste 20 åra har hatt redaktøransvaret for 11 slike bygdebokband med ca 6000 sider trykt tekst, kart og bilde er at eg no redigerer ca 5–6 sider pr. time. I det er medrekna kontroll med sideoppsett, bilde- og illustrasjonsplassering, kontroll og justering av bildetekstar på grunnlag av innkomande informasjon o.l. Dette er ikkje innarbeidd i R04.

I kalkylen har eg sett opp at ein relativt urøynd redaktør neppe vil klare meir enn 4 reine tekst-sider pr time i snitt medrekna fleire korrekturrundar. Det betyr at dette arbeidet vil krevje ca 1250 timar. I tillegg kjem ei eingongsoppgåve for redaktøren: skrive forklaring/rettleiing til verket i form av eit innleiingskapittel. Det er lagt til 50 timar for dette.

#### **4.8 Samla timetalsbehov, lønna arbeid – framdrift og avslutning**

Ut frå dei resonnement som er gjort her, kan det sjå ut som om det vil vere behov for i underkant av 16.000 timar lønna arbeidstimar til dette prosjektet. Det utgjer ca 9,4 årsverk.

Eg gjer likevel merksam på at det timetalet som ligg i botnen for desse kalkylane, 7000 timar for det reine arbeidet med BB-registeret, er *effektive* arbeidstimar. Sørungård opplyser at han sjeldan klarer meir enn 5–6 slike timar pr arbeidsdag, pga. avbrot med telefonar, spørsmål o.l. som ikkje kan reknast direkte til arbeidet.

Dette kan til ein viss grad reknast som innarbeidd gjennom tillegget for lokal prosjektleiing og noko høgare timesats enn rein løn, men det vil i alle fall vere vanskeleg å stipulere nøyaktig før prosjektet tar til.

#### **4.9 Kjøp av dataprogrammet Busetnadssoge (BSS), import av kjelder og årleg lisens**

Dette elementet var ikkje lagt inn i R04. Det kjeldematerialet som er og blir registrert (jfr R04 pkt 6) må gjennom ein prosess med omforming og import til BSS. Dette arbeidet må førebels gjerast av programutviklarer på Snøhetta forlag a.s. Ut frå erfaringar med tilsvarande import-arbeid frå andre prosjekt (bygdebøkene for Volda og Sula og andre testprosjekt) tek dette ikkje spesielt lang tid – lengst for folketeljingane.

Dataprogrammet BSS kostar pr i dag kr 30.000. Årleg lisens er kr 5.000. Importarbeidet kostar kr 600 pr. time (mva. kjem i tillegg til desse prisane). Samla kostnad er lagt inn som post 2f.

### **5 Illustrasjonar, ferdiggjering / bokproduksjon og salsinntekter**

#### **5.1 Generelt**

Når det gjeld dei mindre postane i det som står som delprosjekt 4 + 5a og 5b i R04, har eg i vedlagde kalkyle berre justert dei noko opp. Men eg understrekar erfaringane frå Volda og Sula: arbeidet med bildeinnsamling, utval og behandling for trykking *kan* kome til å koste ein del, viss ein ikkje klarer å organisere det som friviljug innsats / dugnad. Det er særleg kvalitetssikring av bildetekstane (skrivemåte av namn, årstal osv.) som kan ta tid.

#### **5.2 Sidetal, bandinndeling og produksjonskostnader**

Som rekna ut framafor kan altså dette bygdebokverket for Stryn kome til å bli på nærare 5000 sider. I kalkylen er det rekna med 9 band + registerband.

Det er sjølvsagt vanskeleg å kalkulere trykkekostnadene for eit verk som ikkje vil bli produsert før om fleire år. Men trenden dei siste 25 åra eg har arbeidd med produksjon av lokalhistoriske bøker er eintydig: prisnivået har pga. den internasjonale marknadssituasjonen gått ned. Men det kan ein truleg ikkje rekne med det vil halde fram med.



Ei vurdering som bør gjerast er om ein har fargebilde som kan nyttast. Både for Volda og Sula låg det føre flyfoto i fargar tekne først på 1960-talet av storparten av busetnaden i kommunane. Når ein samstundes hadde fargelagde detaljkart vart det vedteke å trykke begge seriane i fargar. Sidetalet er sjølvsagt ein viktig faktor her, men viss ein reknar med ca 550 sider pr band og tar utgangspunkt i kostnadene ved trykking av andre bandet av Busetnadssoga for Volda (gjennomført i november 2006), vil produksjonen av eitt slikt band koste ca kr 350.000. Denne prisen er med gjennomgåande fargetrykk. I svart / kvitt ville den blitt ca kr 60.000 mindre.

Kostnad for produksjon av 9 band pluss registerband blir dermed ca kr 3,25 mill. med fargetrykk og ca kr 2,71 mill. med svart / kvite illustrasjonar. Eg har sett inn tala for fargetrykk i kalkylen. Innsparing ved bruk av berre svart / kvite illustrasjonar er altså ca kr 540.000.

Det er med dagens prisnivå muleg å spare inn ca 25 % på slik produksjon ved trykking utanlands. Da må ein rekne med ca 2 veker lenger produksjonstid. Korleis situasjonen vil vere innan Stryn er klar for trykking er det vanskeleg å ha noka formeining om, pga. at trykkeprisar såpass langt fram i tid som det er snakk om her, er særst usikre. Globale utviklingstrekk som t.d. sterk auke i oljeprisar kan føre til at innsparing på trykk i utlandet blir redusert pga. høgare transportkostnader. Papirprisane kan òg auke. Men trenden mot at ny teknologi gjer slik produksjon stadig billigare vil neppe endre seg drastisk.

### 5.3 Boksal og variable kostnader

Her viser eg generelt til R04 pkt 9.10. Av erfaringstal for boksalet frå Sula- og Voldaprojekta har vi pr i dag følgjande:

Prosjekt	Utg.år	2004	2005	2006	Sum	Merknad
Busetnadssoga for Volda bd 1	2005		590	220	810	Lansert 3.12.05
Busetnadssoga for Volda bd 2	2006			351	351	Lansert 9.12.06
Sulasoga, Busetnadssoga bd 1	2004	490	71	102	663	Lansert 9.12.04
Sulasoga, Busetnadssoga bd 2	2005		264	70	334	Lansert 20.12.05
Sulasoga, Busetnadssoga bd 3	2006			0	0	NB: lansert ca 20. januar 2007

Desse tala gir førebels ikkje grunnlag for å vurdere omfanget av boksalet for Stryn. Men i høve R04 er det ein viktig forskjell: talet på utgjevne band. Det vil neppe vere realistisk å auke påslaget for boksal like mykje som talet på trykte band. I R04 vart det rekne med eit sal på 2300 eks. av alle dei 5 banda det var rekna med der. For eit verk på 9 utgjevne band er det neppe realistisk å forvente meir enn eit samla sal av kanskje 1800 eks. av alle banda, til saman ca 16000 bøker.

I R04 var utsalsprisen sett til kr 550 pr bok. Men vi sel no Volda-bøkene for kr 600, og det har det ikkje kome klagar på (ein konsekvens av den generelle velstandsauken?). Eg vil derfor rå til at Stryn òg kalkulerer med ein utsalspris på kr 600 pr band. Det gjev brutto salsinntekter for desse banda på i overkant av kr 9,7 mill.

Prisen for registerbandet var i R04 sett til kr 350, og det er rekna tilsvarende sal (1200 eks.) av dette, brutto inntekt kr 420.000. Samla brutto salsinntekter blir i tilfelle drygt kr 10 mill.

Om dei variable kostnadene, sjå R04 pkt 9.10. Eg har ikkje gjort endringar her, men lar 20 % stå. Dermed kjem dei variable utgiftene knytt til boksalet på drygt 2 mill. kr.

### 5.4 Konklusjonar bygd på vedlagde kalkyle

Med dei føresetnader som no er lagt til grunn, får dette prosjektet brutto kostnader på ca 12,4 mill. kr og inntekter på 10,1 mill. kr, dvs. det vil vere nødvendig med tilskot (kommunale løyvingar o.a.) på knapt 2,3 mill kr. Av dette er knapt 1,5 mill. kr rentekostnader og reservepost, som ikkje var lagt inn i R04.

## 6 Særskilt relevant litteratur

Kjelland, Arnfinn og Harald Endre Tafjord 2004: *Busetnads saga for Stryn. Forprosjektrapport*. Høgskulen i Volda, arbeidsrapport nr 157.

[http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb\\_157.pdf](http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb_157.pdf)

Kjelland, Arnfinn, Ole Martin Sørungård og Jens Johan Hyvik 2004: *Sula-soga. Busetnads-soga. Band 1: Kvasnes – Bjørkavåg*. Stiftelsen Sula-soga. Første band i bygdebokverk der personinformasjonen er samanstilt og skrive ut med dataprogrammet BSS. Innleiingskapitlet gjer greie for oppbygginga og krysstilsivingssystemet.

Kjelland, Arnfinn, Olav Myklebust og Gunnar Andenes 2005: *Busetnads saga for Volda. Band 1 Dalsfjorden*. Volda kommune. Band 1 i bygdebokverk med grendesoger og omfattande bruk av innsamla bilde, der personinformasjonen er samanstilt og skrive ut med data-programmet BSS på same måte som i Sula-soga. Innleiingskapitlet gjer greie for oppbygginga og krysstilsivingssystemet.

Kjelland, Arnfinn 2006: *Ajourføring av Herøyboka. Forprosjektrapport til Herøy sogelag*. Høgskulen i Volda, arbeidsrapport nr 189.

[http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb\\_189.pdf](http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb_189.pdf)

Kjelland, Arnfinn 2006: *Busetnads soge for Haram. Kommentarer til og kalkyle over dei viktigaste arbeidsoperasjonane*. Høgskulen i Volda, notat nr 4/2006.

<http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/notat4-06.pdf>

Vevsider for dataprogrammet Busetnads soge (BSS), spesielt pkt. 14 i menyen til venstre, brukarrettleiing: <http://tilsett.hivolda.no/ak/BSS/Busetnadssoge.html>

<b>Vedlegg: Busetnadssoaga for Stryn - revidert kostnadskalkyle</b>			
<b>Dato: 25.9.2007/Arnfinn Kjelland</b>			
<b>Kalkyle</b>		<b>Samla inntekter / utgifter</b>	
<b>Delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve / rente</b>		<b>Timar etc.</b>	<b>Utgifter</b>
			<b>Inntekter</b>
1a	Lokal prosjektleiing / andre timar (møte etc.)	1500	kr 375 000
1b	Fagleg rådgjeving	100	kr 65 000
1c	Styringsgruppe/nemnd (honorar, servering, reise)		kr 25 000
1d	Reservepost av brutto kostnader (ikkje post 6b): <b>Ikkje i R04!</b>	10 %	kr 945 050
1d	Renteutgifter, rekna 5 år av utgifter minus post 1c og 6b: <b>Ikkje i R04!</b>	3 %	kr 534 934
<b>Delprosjekt 2: Bustad- og befolkningsregisteret</b>			
2a	Dataregistrering/konvertering kjelder		kr 40 000
2b	Kostn. knytt til 2a (reise/digitalisering/kopiering)		kr 5 000
2c	Br. deling, lenking/utplass. fam., samanskr. BB-register, timar:	8750	kr 2 187 500
2d	Driftskostnader (kontor, data, telefon, reiser)	15 %	kr 328 125
2e	Utsending av skjema, inns. vha grendekontaktar		kr 25 000
2d	Innskiving av nye skjemaopplysningar, 1/2 årsv. inkl. 25 % overhead	844	kr 263 672
2f	Dataprogrammet BSS, konvertering av data, lisens i prosjektperioden		kr 60 000
<b>Delprosjekt 3: Grendesogene, samanskiving manus, sluttredaksjon</b>			
3a	Litteraturregister, skiving grendesoger, samanredigering	5063	kr 1 265 625
3b	Redaktørarbeid (innp. bilde / kart) ut frå 4 s. pr time + 50 t. til innleiingskap.	1168	kr 292 000
3c	Driftskostnader (kontor, data, telefon, reiser)	15 %	kr 233 644
<b>Delprosjekt 4: Illustrasjonar: kart, bilete m.m., sluttredaksjon</b>			
4a	Kartprod., dig. kartgrunnlag + plassering stadnamn		kr 100 000
4b	Bildeinnsamling, -redaksjon		kr 150 000
4c	Andre illustrasjonar, utskiftingskart		kr 100 000
<b>Delprosjekt 5: Kvalitetssikring, ferdiggjering/bokprod.</b>			
5a	Kvalitetssikring, stadnamn og språk		kr 100 000
5b	Utsending av manus til alle husstader, svarmottak		kr 50 000
5c	Formgje./trykk 2500 x, kr 350.000 pr band, 9 band + registerband		kr 3 250 000
<b>Delprosjekt 5: Inntektene (boksallet) - var. kostnader</b>			
6a	Brutto inntekter/boksal, tal band:	9	kr 10 140 000
6b	Distribusjon/marknadsføring, 20 % av brutto sal	20 %	kr 2 028 000
	Samla utgifter/inntekter:		kr 12 423 550
	Balanserer:		<b>kr -2 283 550</b>
		<b>Totalsum:</b>	kr 10 140 000
			kr 10 140 000
<b>Føresetnader</b>			
<b>1. Timekostnader:</b>			
	Timekostnader, prosjektmedarb. registrering / lenking / prosjektleiing:	kr 250	(løn inkl. sos.k.)
	Timekostnader, prosjektmedarb. innleiing og grendesoger:	kr 250	(løn inkl. sos.k.)
	Fagleg rådgjeving	kr 650	(+ mva)
	Sidetalskalkyle, utg. pkt. 2800 s. for BB-registeret, inkl. % tillegg for gardshist.:	5 %	2940
	Sidetalskalkyle, inkludert tillegg for grendehistorietekst:	500	3440
	Sidetalskalkyle, inkludert % tillegg for illustrasjonar:	30 %	4472
	Utsalspris pr bok:	kr 600	1800
			sal eks. pr band
<b>2. Timekalkylar/-forbruk/årsverk:</b>			
		Samla	Pro-
		tidsforbr. timar	sentuert
	Lokal prosjektleiing / andre timar (møte, vevsider, salsarbeid etc., 1a):	1500	9,5 %
	Lenkearbeidet (ferdiggjering til manus), same forfattar som for Sulasoga:	7000	
	Tillegg for uryynd medarbeidar og litt skiving av gardshistorietekst	25 %	1750
	Innskiving av nye skjemaopplysningar, 1/2 årsverk	844	5,3 %
	Skiving av innleiingar for grender, 3 årsverk	5063	32,0 %
	Redaktørarbeid (innp. bilde / kart) ut frå 4 s. pr time + 50 t. til innleiingskap.	1168	7,4 %
	<b>Samla betalt arbeidstimetal på prosjektet:</b>	<b>15824</b>	<b>100,0 %</b>
	<b>Årsverket:</b>	<b>1687,5</b>	<b>9,4</b>